
Fra: Ingeborg Sofie Sætrevik <Ingeborg.Sofie.Saetrevik@hfk.no>
Sendt: tirsdag 31. oktober 2017 15.58
Til: Kommunane i Hordaland - Alle
Emne: VS: Støtte til prosjekt som bidrar til "det grønne skiftet" i Hordaland
Vedlegg: Det grønne skiftet i Hordaland.pdf

Til kommunar i Hordaland

Hordaland fylkeskommune inviterer til å søkje støtte til delfinansiering av prosjekt som vil bidra til reduserte klimagassutslepp og samstundes har eit potensiale for auka verdiskaping i Hordaland.

Utfordringar knytt til klima og miljø og trong for å utvikla næringslivet inn i eit «grønt skifte» er eit viktig og gjennomgåande tema i Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2017 (HNH 2017). Her opnar det seg moglegheiter for næringsutvikling på områder som til dømes grøn datalagring, smarte og berekraftige samfunn, mat, alternativ energiproduksjon, nye reiselivsprodukt, bioøkonomi og energieffektivisering.

I HNH 2017 er 1.5 mill. kroner øyremerkt til klimarettatiltak i næringslivet. I tillegg kan gode klima- og miljøprosjekt også finansierast innan dei tre innsatsområda; Entreprenørskap og innovasjon, Relevant kompetanse og Bergensregionen, Heilskapleg samfunnsutvikling, og inn mot bransjar med særleg fokus. Sjå HNH 2017.

Relevante søkjarar er regionale utviklingsaktørar som til dømes næringsklynger, bransjeorganisasjonar, inkubatorar, regionråd, kommunar og næringshagar.

På vegne av
Bård Sandal
fylkesdirektør Regional utvikling

Venleg helsing

Ingeborg Sofie Sætrevik

Rådgjevar

Regionalavdelinga | Seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling



Mob: 40806289

www.hordaland.no |